



Marianne Klepsvik Sjø, Arne Røen og Lise Bråtun med nokre av produkta som vil bli framlagt for sal laurdag i andre høgda på AFA. Marianne og Arne bur på Halsnøy og Lise i Rosendal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag frå klokka 10 til 14 vert det salskafe for tredje gong på AFA og vertskapet førebur stort innrykk – som i fjor.

Både arbeidstakarar og ansatte stiller opp og sel produkt som er laga gjennom det siste året. I fleng nemnar dei løparar, sitteunderlag, servietthaldarar, toalettvesker, filleryer og åklær og legg til ein nyheit som dei kallar vinhøne!

Inntekta av salet går attende til bedrifta – til kjøp av nye material.

Det blir også servering av graut med tilbehør samt kaffi og kaker. Med andre ord ligg det an til ei riktig kosetund på AFA også dette året.